



VINJE

«mottakernavn»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»
«KONTAKT»

Dato: 27.11.2025
Vår referanse: 2024/3486-6
Sakshandsamar: Sigrid Breiseth

Me innvilgar søknad om rammeløyve, med vilkår

Tiltak: Riving og oppføring av ny fritidsbustad - Rammeløyve
Tiltakets adresse: Heishusvegen 7, 3864 RAULAND
Eigedom: 151/269
Tiltakshavar: Vidar Gabrielsen
Ansvarleg søkjar: Lågen Bolig AS
Bruksareal: Ny hytte: Kjellar 61,5 m² + bod 11,8 m² + 1.etg 68,4 m² = 141,7 m²
Bebyggd areal: Rivast: 65m²
Ny hytte: 89 m²
Bruttoareal: Ny hytte:

Delegert vedtak: 221/25

Vedtak

Vinje kommune innvilgar søknaden med vilkår.

Vilkår

- De må ettersende opplysningar om BTA for tiltaket ved søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest.
- Det må søkast om løyve til igangsetjing og erklærast ansvar for dei ulike ansvarsområda før arbeid kan ta til.
- Det blir sett ekstra store krav til tryggleik under byggeprosessen når det er snakk om dobbelhytter. (ansvarserklæring)
- Det er viktig at alle som skal utføre arbeid, eller som har erklært ansvar i byggesaka får tilgang til reguleringsplanen og vilkår som er gjeve i byggesaka. Det er søkjar sitt ansvar å syte for at dei får denne informasjonen før arbeid tek til.
- Tiltaket må gjennomførast i samsvar med gjeldande reguleringsplan (plan + plan ID)

- Bygningsavfall skal handterast etter teknisk forskrift og leverast til godkjent avfallsmottak.
- Det er krav til 4 meters avstand til vatn- og avløpsledningar. Høgde frå toppen av sluket til topp rør samleledning skal vere minimum 90 cm.
- Der kommunen har eige overvassanlegg skal ein bruke det. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å handtere overvatn på ein forsvarleg måte.
- Tiltaket må vera påbyrja innan 3 år, og ikkje ha pause i meir enn 2 år. Viss ikkje vil løyve gå ut.

Saksutgreiing

Lågen Bustad AS, ved Ove Martin Svæe, har søkt på vegne av tiltakshaverane Aina og Vidar Gabrielsen.

Det er søkt om riving av eksisterande hytte, for så å bygge opp att med ny underetasje og hovudetasje.

Hytta som blir rive er ein del av ei to-mannshytte.

Naboar er varsla 25.10.2024.

Det har kome nabomerknad innan fristen. Merknadane er vurdert. Naboar må rekne med at ein vil merke noko til prosjektet mens bygging pågår. Om naboar blir ekstra berørt i periodar bør dette avklarast på førehand.

Ansvarsrettar

Ansvar for prosjektering Arkitektur, terrengmessig tilpassing og plassering, visuell kvalitet og planløyising.	Tilt. klasse 1	Føretak Lågen Bolig AS	Organisasjonsnummer 976467485
--	-------------------	---------------------------	----------------------------------

Gebyr

Handsaming av rammeløyve er friteke for gebyr på grunn av lang handsmingstid.

Klagerett

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Sigrid Breiseth

sakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lågen Bolig AS

Vidar Gabrielsen